

STYREPROTOKOLL

Onsdag **21. september 2022** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – kl. 18.15
STYREMEDLEMMER SOM MØTTE:	Siv Bente Stople Østbø, Ernst Morgan Endresen og Astri Furumo
VARAMEDLEM SOM MØTTE:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø t.o.m. sak 26 (ho deltok ikkje i sak 27/22)
INNKALLING:	Godkjent
SAKSLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 20/22 – GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 06.04.22

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 06.04.22 blir godkjent.

Styrehandsaming 21.09.22:

Styret hadde ingen merknader, men minnet dagleg leiar på at det var greitt å sjekke kva pensjonskostnadene vil komme på til neste år.

Samrøystes vedtak 21.09.22:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 06.04.22 blir godkjent.

SAK 21/22 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 21.09.22

13. SSB – Om norsk økonomi pr juni 2022 – anslag årslønnsvekst 4 %
14. FKT- konferanse 8.-9. juni 2022 – Lilly Country Club Kløfta
15. Vestlandssamlinga for sekretariatene – 17-18. august - Trondheim
16. FKT – årsmøte 2022 - protokoll 08.06.22
17. FKT – «Veileder – Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget» - juni 2022
18. Kommunaldept. – høringsbrev og notat – endringer i kommuneloven – frist 14.10.22
19. Samfunnsbedriftene – høringsnotat – endringer i IKS-loven – frist 23.09.22

Styrehandsaming 21.09.22:

Dagleg leiar orienterte om konferanse og årsmøte på Kløfta og sekretariatssamlinga i Trondheim. Ho orienterte om ny rettleiar og kommande endringar i aktuelle lova. Styret kommenterte.

Samrøystes vedtak 21.09.22:

Styret tar referatsakene 13-19 til orientering.

SAK 22/22 – STATUSOVERSIKT PR SEPTEMBER 2021

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Statusoversikt pr. september 2022 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 21.09.22:

Dagleg leiar informerte om arbeidssituasjonen ved sekretariatet. Ti møte var allereie gjennomført av totalt 24 møte i haust. Eller ingen kommentarar.

Samrøystes vedtak 21.09.22:

Statusoversikt pr. september 2022 blir tatt til orientering.

SAK 23/22 – REKNESKAPSRAPPORT PR 31.08.22

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret tar regnskapsrapport pr 31.08.22 for HKS IKS til orientering.

Styrehandsaming 21.09.22:

Styreleiar meinte rapporten var kurrant og aktiviteten var i forhold til budsjett med unnatak av kostandene til rekruttering av ny dagleg leiar. Ho gjorde framlegg om ei tilleggspunkt i framlegg til vedtak:

Styret merkar seg at som følge av rekruttering av ny dagleg leiar vil kostnadene gje underskot i årets resultat og styret legg opp til å gjere framlegg at dette vert dekkja av oppspart kapital, som er avsett til slike type utgifter.

Styret slutta seg til det, og var samd i at det det då ikkje var trong for regulering av budsjettet.

Samrøystes vedtak 21.09.22:

Styret tar regnskapsrapport pr 31.08.22 for HKS IKS til orientering.

Styret merkar seg at som følge av rekruttering av ny dagleg leiar vil kostnadene gje underskot i årets resultat og styret legg opp til å gjere framlegg at dette vert dekkja av oppspart kapital, som er sett av til slike type utgifter.

SAK 24/22 – IKA ROGALAND IKS – AJOURFØRING AV SELKAPS- AVTALE OG NY EIGARSTRATEGI

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner revidert selskapsavtale for IKA IKS, jf. vedlegg 1.
2. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner eierstrategien overfor IKA IKS, jf. vedlegg 2.
3. Representantskapet delegerer fullmakt ihht. IKS-loven § 4 til representantskap i IKA IKS til å foreta og godkjenne den rent teknisk oppdatering av eierbrøken i selskapsavtalen § 5 i samsvar med faktisk folketall hvert 4. år.
Krav til rapportering på bruk av delegering fullmakt følger av selskapsavtalen § 5.

Styrehandsaming 21.09.22:

Styreleiar reagerte på dei årlege kostnadene for selskapet som har dobla seg dei siste 10 åra og stilte spørsmål ved nytten og om det var naudsynt med eigarskap. Dagleg leiar informerte om bakgrunn for innmelding. Selskapet er eige juridisk eining, så det kan ikkje dra nytte kommunane sine avtaler. Prisauka skyldast mellom anna bygging av Arkivenes hus.

For IKSer vert driftstilskot fastsett «særskilt» i følgje selskapsavtalen. Per i dag er eigardelen sett til 0,02 %. Styreleiar viste til sakframlegget der det står følgjande:

«Det fremgår at det ikke er samsvar mellom eierandel og årlig driftstilskudd som den enkelte eier yter for tjenestene levert av IKA i dag. Innen utgangen av denne valgperioden må IKA i samarbeid med eierne legge frem et forslag til en harmonisering mellom eierbrøk og årlig tilskudd for tjenestekjøpet. Det har blitt startet et underlagsarbeid om dette som en del av utarbeidelsen av eierstrategien.»

Styret drøfta dette og ville at det skulle bli tatt inn eit nytt punkt om at styret ser positivt på dette arbeidet. Dette for å vise at dagens kostnader ikkje står i forhold til det IKA yter overfor selskapet. Styret meinte det var viktig at dei små også var representert i arbeidet.

Samrøystes vedtak 21.09.22 og innstilling til representantskapet:

1. *Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner revidert selskapsavtale for IKA IKS, jf. vedlegg 1.*
2. *Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner eierstrategien overfor IKA IKS, jf. vedlegg 2.*
3. *Representantskapet delegerer fullmakt ihht. IKS-loven § 4 til representantskap i IKA IKS til å foreta og godkjenne den rent teknisk oppdatering av eierbrøken i selskapsavtalen § 5 i samsvar med faktisk folketall hvert 4. år.
Krav til rapportering på bruk av delegering fullmakt følger av selskapsavtalen § 5.*
4. *Haugland Kontrollutvalgssekretariat ser positivt på arbeidet om å sjå på eigardel, og spesielt der tilskotet vert fastsett særskilt. HKS IKS vil oppmode om at nokon frå dei små kommunane og IKSer blir representert i arbeidsgruppa.*

SAK 25/22 – OPPSEIING FRÅ DAGLEG LEIAR – SLUTTDATO 15.01.22

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret tek oppseiing frå dagleg leiar, dagsett 14.09.22 med verknad 15.10.22, til orientering. Hennar sluttdato vert med dette 15.01.23 og siste arbeidsdag 13.01.23.

Styret merkar seg personalreglementet kap. 8 om gratiale og legg opp til overrekking av gåve ved markering av dagleg leiar si 35 års tenestetid 7. desember 2022.

Styrehandsaming 21.09.22:

Styreleiar takka dagleg leiar for at ho så tidlig hadde varsla om sin fråtreiding, då prosessen rundt tilsetting av ny tar tid. Ho trudde at styret ville ha ny på plass til nyåret. Ho var ikkje kjent med reglement om tenestetid, og ønskte at dagleg leiar ordna det praktiske rundt gåva. Styret drøfta om ektefeller skulle bli invitert til julemiddag, men det var ikkje stemning for det.

Styret blei samd i at det ville vere hyggeleg dersom dagleg leiar sin ektefelle blei invitert i høve markeringa 07.12

Styreleiar gjorde framlegg om eit enkelt avskjedsselskap torsdag 12.01.23 og at dagleg leiar og Astri Furumo får fullmakt til å planlegge arrangementet. Styret slutta seg til det.

Samrøystes vedtak 21.09.22:

Styret tek oppseiing frå dagleg leiar, dagsett 14.09.22 med verknad 15.10.22, til orientering. Hennar sluttdato vert med dette 15.01.23 og siste arbeidsdag 13.01.23.

Styret merkar seg personalreglementet kap. 8 om gratiale og legg opp til overrekking av gåve ved markering av dagleg leiar si 35 års tenestetid 7. desember 2022. Dagleg leiar sin ektefelle vert også invitert.

Styret legg opp til eit avskjedsselskap torsdag 12. januar 2023 på dagtid og dagleg leiar og Astri Furumo planlegg arrangementet.

SAK 26/22 – INFORMASJON OM TILSETTINGSPROSESSEN – NY DAGLEG LEIAR

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS tar styreleiar si informasjon om tilsettingsprosessen av dagleg leiar til orientering.

Styrehandsaming 21.09.22:

Styreleiar informerte at det var 10 søkjarar ved utløp av søkarfrist 21. august, og der er ni namn på den offentlege søkarlista, då ein blei gjeven fritak. Det blei kalla inn sju til fyrste runde med intervju og fire til andre runde. Den siste runden fredag 23. september vil vere med styreleiar og rådgjevar frå Human AS. Ho satsa på at styret fekk ut eit tilbod i neste veke og innan utgangen av september.

Styret var nøgd med prosessen.

Samrøystes vedtak 21.09.22:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS tar styreleiar si informasjon om tilsettingsprosessen av dagleg leiar til orientering.

SAK 27/22 – LØNNSFORHANDLINGAR 2022

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret gjer styreleiar og eit styremedlem fullmakt til å forhandle om ny løn til rådgjevar og å fastsette ny løn for dagleg leiar, gjeldande frå 01.05.22 i eige forhandlingsmøte.

Forhandlingane må vere avslutta innan oktober og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar, seniorrådgjevar og dagleg leiar.

Styrehandsaming 21.09.22:

Krava (unntatt off. – OFL § 23.1) var sendt ut i forkant og delt ut i møtet. Dagleg leiar gjekk frå møtet under handsaming av saka.

Styret drøfta saka. Styret var samd i at styreleiar har fullmakt og tar kontakt ved behov.

Samrøystes vedtak 21.09.22:

Styret gjer styreleiar fullmakt til å forhandle om ny løn til rådgjevar og å fastsette ny løn for dagleg leiar, gjeldande frå 01.05.22 i eige forhandlingsmøte.

Forhandlingane må vere avslutta innan oktober og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar, seniorrådgjevar og dagleg leiar.

YMSE

Ingen saker var meldt i forkant eller blei tatt opp.

Neste styremøte etter møteplan er sett til **onsdag 7. desember**, men styret vil bli innkalla til **ekstraordinært møte** om tilsetjing av ny dagleg leiar i neste veke.

Desembermøtet vert lagt til Aksdal eller Haugesund og det vil blir etterkant av møtet bli invitert til julemiddag for styret og tilsette.

Aksdal, 21. september 2022

Siv Bente Stople Østbø (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar